



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 04.10.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
058/2018	Kulturminnefondet 2018
059/2018	Tilskot til idrettsanlegg 2018
060/2018	Søknad om redusert halleige under Manger cup
061/2018	Fond for inkludering og integrering - fordeling av ubrukte midlar
062/2018	Prosjekt- og aktivitetsstøtte 2018 - Manger skulemusikklag
063/2018	Fritak for bygningar som har historisk verdi
064/2018	Finansiering av driftstilskot Sambandet Vest
065/2018	Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1
066/2018	Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel om regiopnale interesser
067/2018	Tertialmelding januar - august 2018
068/2018	Tilvisingsavtale for kommunale utleigebustader
069/2018	Uteområde Sæbø skule - utvida omfang
070/2018	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

12. oktober 2018

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/1537	18/14011

Kulturminnefondet 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige kulturminne i kommunen. Det er avkastninga på fondet som kan nyttast, og denne er for 2018 stipulert til å verta 25 800 kroner. Kommunestyret vedtok i budsjettet for 2018 ei ekstra løyving på kr 40 000 til kulturminne i privat eige. I formannskapet 7. juni sak 035/2018 vart det gjort vedtak om at desse midlane skal fordelast saman med og etter retningslinene for kulturminnefondet. Totalt skal det altså fordelast kr 65 800 kroner til verneverdige kulturminne i kommunen.

Statuttane for Radøy kommune sitt kulturminnefond seier at midlar skal løyvast til prosjekt som vil eller har utløyst eksterne midlar frå andre offentlege instansar og/eller private verksemdar. Vidare skal kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Rådmannen legg også vekt på at arbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp, og gjerne i tett dialog med kulturverntenesta i Nordhordland eller andre faginstansar.

Kulturminnefondet skal normalt ikkje bidra til meir enn 35 % av godkjend kostnadsoverslag. I særskilde tilfelle, avhengig av eigar sin nytte/økonomiske situasjon, kan kulturminnefondet bidra med inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.

Det er kome inn fire søknader. To av søknadene er etter avtale med sakshandsamar levert etter søknadsfristen 1. september.

Vurdering av søknadene

1. Gjenoppbygging av naust i Rossneset (gnr. 17/1)

Rune Revheim søker på vegne av eigaren Gunvor Soltveit om midlar til gjenoppbygging av naustet ved den gamle gjestgjevarstaden i Rossneset. Dette naustet er det einaste kjende naustet i Radøy kommune på bolverk, og det einaste kjende naustet som er bygd saman med våningshuset. Kulturmiljøet i Rossneset, som naustet var ein del av, er plassert i verneklasse B i kulturminneplanen.

Naustet som det vert søkt midlar til vart rive utan føregåande søknad, trass i at både

Kulturverntenesta i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune hadde vore på synfaring og gav beskjed om det var mogleg å restuarera naustet. Å gje tilskot til gjenoppbygging av naustet vil gje feil signal til andre som ynskjer å erstatta sine kulturminne med nye bygg. Rådmannen meiner at ein difor ikkje bør gje tilskot frå Radøy kommune sitt kulturminnefond til gjenoppbygging av naustet.

2. Restaurering av naust på Kvalheim (gnr 28/12)

Svein Inge Kvalheim søker midlar til å setja i stand eitt av dei tre nausta i Brømstølen på Kvalheim. Naustet er eit typisk naust for vårt område med grindverk og murte veggjar. Naustet er i kulturminneplanen plassert i verneklasse C.

Søknaden er ikkje komplett og manglar restaureringsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Rådmannen meiner likevel at kommunen kan gje eit lite tilskot til restaurering av naustet mot at eigar får utarbeidd restaureringsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan. At kommunen bidrar med tilskot til restaurering av kulturminne i kommunen vert gjerne vektlagt av andre bidragsytarar.

Rådmannen foreslår at Svein Inge Kvalheim får kr 8 800 i tilskot frå Radøy kommune sitt kulturminnefond mot at han innan 1. desember utarbeidar restaureringsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Restaureringsplanen skal utarbeidast av eller godkjennast av Kulturverntenesta i Nordhordland.

3. Restaurering av våningshus på Kartveit (gnr 55/7)

Kulturverntenesta i Nordhordland søker på vegne av Bjørn Tore Nordeide om kr 35 000 til å restaurera den gamle lemstova på bruket. Totalkostnaden for prosjektet er kr 177 500 inkludert dugnad/eigeninnsats.

Det vart i 2016 løyvd kr 26 500 i tilskot frå Radøy kommune sitt kulturminnefond til å skifta kledning på søre veggjen på huset. Tiltaket som det vart søkt midlar til i 2016 er ikkje gjennomført og midlane er ikkje utbetalt.

Lemstova på Kartveit er eit svært verdifullt kulturminne, og ein del av kulturmiljøet på Kartveit som er plassert i verneklasse A. Tiltaka som er skissert i søknaden hastar med å få gjennomført då kledninga er råteskada, har svertesoppangrep og har teke til å gro til med lav. Det er uvisst om tømra har fått råteskader og.

Tiltaket som det vert søkt om midlar til no, er meir omfattande enn i 2016. Rådmannen rår difor til at søkjar får kr 35 000 frå kulturminnefondet til Radøy kommune til restaurering av bygget. Desse midlane kjem i tillegg til midlane som vart løyvde i 2016. Det samla tilskotet er då på 34,5 % av stipulert kostnad, og er såleis innanfor rammene som er sett i statuttane for Radøy kommune sitt kulturminnefond.

4. Restaurering av nothengje i Taulsvågen

Taulsvågen notlag søker om kr 48 000 til restaurering av nothengja i Taulsvågen. Totalkostnad for prosjektet er stipulert til kr 104 000 inkl. dugnad.

Nothengja i Taulsvågen er ei få gjenverande nothengjer i Radøy kommune, og er på bakgrunn av det plassert i verneklasse B i kulturminneplanen. Rådmannen foreslår kr 22 000 i tilskot til restaureringa av nothengja.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gunnvor Soltveit får avslag på søknaden om gjenoppbygging av naustet på Rossnes.

Bjørn Tore Nordeide får kr 35 000 til restaurering av lemstova på Kartveit.

Taulsvågen notlag får kr 22 000 til restaurering av nothengja i Taulsvågen.

Svein Inge Kvalheim får kr 8800 til restaurering av naustet i Brøndalen på Kvalheim under føresetnad av at godkjend restaureringsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan vert sendt til Radøy kommune innan 1. desember.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

Vedlegg:

Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond

Løyving til kulturminne i privat eige

Naust Rosneset - søknad

Historia, tilstandsrapport,restaureingsplan og kostnadsoverslag.

Søknad om tilskot til istandsetjing av våningshus - gbnr 55/7 Kartveit

Kartveit kledning

Kartveit kostnad

Naust Kvalheim - søknad

Søknad om tilskot til vøling av nothus i Taulsvågen

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/2217	18/13493

Tilskot til idrettsanlegg 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I Radøy kommune sitt budsjett for 2018 er det sett av kr 500.000,- til tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg i kommunen. I samsvar med retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune gjer formannskapet endeleg vedtak etter innstilling frå rådmannen og uttale frå idrettsrådet. Tilskotet vert fordelt utan føregåande søknad etter fordelingsnøkkel.

Vurdering

Radøy Idrettsråd har i styremøte 6. september 2018 drøfta saka og kome med tilråding om korleis midlane skal fordelast.

Idrettsrådet foreslår følgjande delingsnøkkel og fordeling av midlar:

Lag	Anlegg	Delingsnøkkel	Tilskot
Hordabø IL	Grasbane, kunstgrasbane, idrettshall, klubbhus m/garderobe	7,2	232 258

Radøy IL	Kunstgrasbane, grasbane, garderobe	4,9	Kr 158 065
Manger IL	Kunstgrasbane, klubbhus u/garderobe	2,4	Kr 77 419
Radøy skyttarlag	Klubbhus u/garderobe	1,0	kr 32 258
Totalt		15,5	500 000

Konklusjon

Rådmannen støttar idrettsrådet sitt framlegg til fordeling av vedlikeholdsmidlar til idrettsanlegg i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune fordeler midlane til idrettsanlegg for 2018 som følger:

Hordabø IL	Kr 232 258
Radøy IL	Kr 158 065
Manger IL	Kr 77 419
Radøy skyttarlag	Kr 32 258

Vedlegg:

Referat - styremøte i Radøy idrettsråd 06.09.2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/36	18/13829

Søknad om redusert halleige under Manger cup

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy/Manger fotballklubb søker om redusert leige eller tilskot til å dekkja leiga for Radøyhallen til gjennomføring av Manger cup. Manger cup er ei fotballturnering for born i alderen 6-13 år som vert gjennomført i Radøyhallen over fire helger i november og desember kvart år.

Søknaden har vore til uttale hjå Radøy idrettsråd, som rår til at kommunen vurderer redusert husleige i Radøyhallen.

Vurdering

Manger cup har gått føre seg over mange år, og har etter kvart vorte ei godt etablert fotballturnering for dei yngste laga. Storleiken på Radøyhallen gjer at det berre er mogleg å spela ein kamp om gongen, med unntak av laga i dei yngste aldersgruppene, der det er mogleg med to kampar om gongen. Turneringa må difor gå over fleire helger for å avvikla alle kampane, og idrettslaget meiner at halleige dermed ein nokså stor utgiftspost samanlikna med tal på kampar.

I budsjettet viser Radøy/Manger fotballklubb til utgifter til halleige på kr 15 000. Ut frå satsane for leige av Radøyhallen kostar det kr 12480 å leiga idrettshallen i fire helger. Manger cup har gjort avtale med ungdomskoordinatoren om å bruka ungdomens hus gratis under Manger cup. Dette tilsvarar 4480 kroner i redusert leige.

Radøy kommune har vedtatte satsar for leige av Radøyhallen der lag og organisasjonar i Radøy kommune får leiga hallen til redusert pris i høve til privatpersonar, næringsdrivande og lag og organisasjonar frå andre kommunar. Likebehandlingsprinsippet gjer at rådmannen vurderer det som vanskeleg å fråvika dei faste satsane for Radøyhallen.

Manger cup hadde i 2017 eit overskot på kr 33641. I 2018 er overskotet budsjettet til 50 000. Redusert halleige er såleis ikkje avgjerande for at cupen skal kunna gjennomførast.

Konklusjon

Radøy kommune har vedtatte, faste satsar for leige av hallen. Likebehandlingsprinsippet gjer at det er vanskeleg å fråvika desse satsane. Budsjettet for Manger cup viser eit overskot på 50 000 kroner. Redusert halleige er såleis ikkje naudsynt for at arrangementet skal kunna gjennomførast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy/Manger fotballklubb får ikkje avslag i leigeprisen for Radøyhallen for gjennomføring av Manger cup utover at dei får låna ungdommens hus gratis.

Vedlegg:

Støtte til Manger cup 2018

Vedlegg til søknad om redusert halleige

REFERAT Radøy idrettsråd styremøte 06.09.2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/469	18/13683

Fond for inkludering og integrering - fordeling av ubrukte midlar

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I sak 032/2016 gjorde kommunestyret vedtak om å setja av kr 250 000 til fond for fritids- og avlastningstilbod for ungdomar med særskilde behov. I kommunestyret 11. mai 2017, sak 019/2017, vart retningsliner for tildeling av midlar frå dette fondet vedtatt. Retningslinene sa at lag og organisasjonar kan søkja midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Søknadsfrist vart 1. mars og 1. oktober med 40 000 kroner til fordeling kvart gong.

Etter to søknadsrundar er status at det kjem inn få søknader og søknadssummen er for liten til at alle midlane har vorte delt ut. Frå potten hausten 2017 står det att kr 9 300 og frå våren 2018 står det att kr 24 000. Denne saka gjeld fordeling av desse restmidlane etter dei to første søknadsrundane.

Vurdering

Radøy idrettsråd har tatt initiativ ovanfor kommunen til eit kurs for å læra opp nye treningskontaktar i Radøy kommune. Treningskontaktane vil kunna bidra tilrettelegging av ei aktiv fritid innan idrett og friluftsliv for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådmannen foreslår å bruka midlar frå fond for inkludering og integrering som ikkje vart fordelte hausten 2017 og våren 2018 til å finansiera dette kurset. Opplæring av treningskontaktar er eitt av tiltaka i handlingsplanen i kommunedelplan for idretts, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026.

Kva er ein treningskontakt?

«Treningskontakt» er ein måte å organisera tenestetilbodet støttekontakt på, når fysisk aktivitet er ynskja. Tilbodet har mange likskapar med «Fritid med bistand», kan kan gjevast individuelt eller i gruppe.

For å få tildelt ein treningskontakt må det vera gjort vedtak om at ein treng støttekontakt.

Alle som ynskjer å verta treningskontakt må gjennomføra kurs for treningskontaktar og bestå eksamen etter avslutta kurs.

Behov for treningskontakt

Psykisk helse, ansvarleg for støttekontaktar og ruskoordinator stadfestar at det er behov for treningskontaktar i Radøy kommune, og særleg blant barn og ungdom/unge vaksne. Kor mange det er behov for er vanskeleg å seia, då etterspurnaden varierer over tid.

Kven kan verta treningskontakt?

I utgangspunktet kan alle personar som fyller 18 år i løpet av året verta treningskontakt, men vedkomande bør ha interesse for fysisk aktivitet og friluftsliv, og eit ynskje om å jobba med menneske.

Å gjennomføra eit kurs for treningskontaktar gjev ikkje nokon garanti for å få jobb som treningskontakt. For å få jobb som treningskontakt må det vera eit behov, den som tar kurset må vera eigna til å vera treningskontakt og vedkomande må få god kontakt med den personen/-ane han/ho skal vera treningskontakt for.

Med mange born og unge som brukarar, er det eit mål å rekruttera ungdomar som treningskontaktar. Ungdomskoordinatoren vil difor arbeida aktivt med å rekruttera aktuelle ungdomar som treningskontaktar. Idrettsrådet vil forsøka å rekruttera instruktørarar frå lokale idrettslag.

Om kurset

Det er Hordaland idrettskret som tilbyr kurset for treningskontaktar. Målet med kurset er å utdanna treningskontaktar som saman med brukaren kan skapa ei positiv oppleving rundt fysisk aktivitet og friluftsliv, og kunna planlegga aktivitetar og turar ut fra den einkilde brukar sine behov og føresetnader.

Kurset går over éin kveld og to helger og vert avslutta med eksamen – totalt 40 timar. Kurset dekkjer mellom anna følgjande tema:

- treningskontaktrolla
- planlegging av aktivitetar
- metodar for å handtera ulike situasjonar ein treningskontakt kan koma opp i
- korleis motivera
- psykisk helse
- kva for aktivitetar som finst i kommunen.

I tillegg til teori, har kurset også ein praktisk del som utgjer om lag halve kurset. Denne delen av kurset skal gjera deltakarane mest mogleg trykke til å vera aktiv med ein deltakar i aktuelle idrettsaktivitetar.

Kostnad

Prisen for kurset er 1950 kroner per person, som dekkjer utgifter til kurshaldar. I tillegg kjem utgifter til mat, lokale, marknadsføring og liknande. Det må vera minst 12 påmelde for at kurset skal gjennomførast. Maksimalt deltakartal er 30.

Gjensidigestiftelsen har gått inn med midlar til gjennomføring av treningskontaktkurs i 2018. Dersom kurset vert starta opp i 2018 kan kurset delfinansierast med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Midlane frå Gjensidigestiftelsen kan dekkja inntil 50% av utgifter til kurshaldar.

Om kommunen dekkjer halve kursavgifta for kvar deltakar, altså minst kr 11700 eller maksimalt kr 29250, vil Hordaland idrettskret dekkja resten med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Kostnader til mat etc. vert foreslått som eigendel for kursdeltakar.

Rådmannen meiner at dei som får dekkja kurset må vera folkeregistrerte i Radøy kommune. Dei må også binda seg til å ta på seg oppdrag som treningskontakt i Radøy kommune i eitt år frå kurset er avslutta, dersom det er behov. Dei som tar kurset må vera fødd i 2001 eller tidlegare.

Det bør stillast krav om at ved avmelding seinare enn 14 dagar før kursstart, må kursutgifta refunderast av deltakar. Dersom det er ledige plassar, kan personar frå andre kommunar melda seg på, men må då finansiera kurset sjølv.

Innspel frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde saka til uttale i møte 10. september sak 016/2018. Rådet meiner det er ein god idé å bruka av fondsmidlane til å utdanna treningskontaktar. Rådet peikar på at treningskontaktane vil kunna bidra tilrettelegging av ei aktiv fritid innan idrett og friluftsliv for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet ser behov for endå meir marknadsføring og info av ordninga med fondsmidlar til tiltak for integrering og inkludering. Rådet meiner det er ein vinn-vinn-situasjon med utdanning av treningskontaktar og utviding med nye tilbod i lag og organisasjonar til dei aktuelle gruppene. Det vart også peika på at det ikkje minst vil vera lærerikt for ungdom å engasjera seg som treningskontakt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune nyttar midlar til inkluderings- og integreringstiltak som ikkje vart delte ut hausten 2017 og våren 2018 til finansiering av kurs for treningskontaktar.

Vedlegg:

Fond for inkludering og integrering - fordeling av ubrukte midlar

Saksframlegg med retningslinjer for tilskot til inkluderings- og integreringstiltak

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/36	18/11924

Prosjekt- og aktivitetsstøtte 2018 - Manger skulemusikklag

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Manger skulemusikklag vil starte opp med juniorkorps og søker om kr. 15 000,- i støtte til kjøp av utstyr.

På grunn av stor rekruttering og for å gje god nok oppfølging til dei yngste, vil Manger skulemusikklag starta opp eit juniorkorps. Korpsset vil få 15 medlemmer og det er nødvendig med ein del ekstra investeringar i både uniformar og gensarar, utstyr og notesett/øvingshefte. Dei ønskjer og å kjøpe ei whiteboardtavle for å gje best mogleg opplæring i øvingslokalet.

Vurdering

Det er positivt og gledeleg at rekrutteringa til Manger skulemusikklag er så stor at ein kan starta opp eit juniorkorps.

Radøy kommune sine retningslinjer for kulturmidlar seier at prosjekt- og aktivitetstilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Retningslinene seier også at tiltak som gjeld born og unge skal prioriterast og at arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Søknaden kjem såleis inn under dei tiltaka som i følgje retningslinene skal prioriterast.

Det er i budsjettet for 2018 sett av kr 60 000 på denne posten og det er ikkje tildelt prosjekt- og aktivitetsstøtte så langt i år.

Søknaden har vore til uttale hjå Radøy musikkråd og Radøy ungdomsråd. Radøy musikkråd skriv i sin uttale at dei støttar søknaden med bakgrunn i at det er eit nytt tiltak i drifta til Manger skulemusikklag og at det er flott at born som ønskjer det kan ta del i ein slik positiv aktivitet. Ungdomsrådet gjev innstilling på at Manger skulemusikklag får kr. 10 000,- i prosjekt- og aktivitetsstøtte. Dei grunnjev innstillinga si med at dei ikkje vil ta for stor del av potten for 2018 og dei stiller spørsmål om det er behov for ei tavle når det allereie er slike tavler på Manger

skule.

I samtale med Manger skulemusikklag understrekar dei behovet for tavle for å gje betre utbytte av øvingane. Dei har og lagerplass til denne på skulen.

Det er sett av kr. 60 000,- til prosjekt- og aktivitetstøtte og det er ikkje tildelt midlar frå denne posten tidlegare i år.

Rådmannen vurderar søknaden til å vere i målgruppa for midlane. Tiltaket er retta mot born og unge, dei søker om midlar til kjøp av utstyr og det er eit nytt tiltak. Retningslinen seier at dette er tiltak som skal prioriterast i tildeling av midlar.

Konklusjon

Det er positivt at det vert starta opp eit juniorkorps både for rekrutteringa til Manger skulemusikklag og for dei unge som kan delta. Eit slikt tiltak gjev meirkostnader for laget både når det gjeld kjøp av utstyr og utgifter til instruksjon og nye instrument og rådmannen gjer framlegg om at søknaden vert imøtekomen og at Manger skulemusikklag får eit tilskot på kr. 15 000,-

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manger skulemusikklag får kr. 15 000,- i aktivitet- og prosjektstøtte til oppstart av juniorkorps.

Vedlegg:

Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot

Rekneskap og budsjett

Uttale til søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot

Uttale frå ungdomsrådet

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/2092	18/12288

Fritak for bygningar som har historisk verdi

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Då grunnlaget for eigedomsskatt i 2009 vart utvida til å gjelda alle eigedomar i Radøy, vart det også vedteke at bygningar med historisk verdi skal vera fritekne for eigedomsskatt, jf KST sak 72/08.

I sak KST 74/08 vart det gitt fritak for ei konkret liste med eigedomar. I sak KST 08/09 vart det gitt fritak for ytterlegare eigedomar.

I sak KST 57/17 vart ny kulturminneplan vedteken, der alle registrerte kulturminne vart klassifisert i ulike verneklassar. Som følgje av vedteken kullturminneplan, bør også fritaksreglane justerast slik at fritak følgjer kulturminneplanen.

Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at det må vera dei mest verdfulle kulturminna som kan fritakast for eigedomsskatt, og går såleis inn for at freda bygg og bygningar i verneklasse A vert fritekne for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7 b). Dette inneber også at bygg som på eit seinare tidspunkt vert ført opp i verneklasse A, automatisk får fritak for eigedomsskatt. Tilsvarande vil mogelege bygg som går ut av klasse A mista fritaket, med mindre bygget i staden blir freda. Rådmannen meiner også at tidlegare gitte fritak for eigedomsskatt etter § 7b) må opphevast, slik at det ikkje er tvil om kva eigedomar som er fritekne etter § 7b).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
064/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/1625	18/13620

Finansiering av driftstilskot Sambandet Vest

Saksopplysingar:

I KST sak 029/2018 støtta Radøy kommune avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS. I vedtaket vart det vist til ein kostnad i 2018 på kr 10.000,- knytt til vidare drift av eit samarbeid mellom Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy.

Det gjekk ikkje fram av denne saka at det var ytterlegare kostnader knytt til avvikling av selskapet. I referat frå styremøte i Sambandet Vest 16.03.2018, vart det i sak 15 – 2018 lakonisk slått fast at «Det må skytes inn driftsmidler for 2018 inklusive til avvikling». Storleiken på dette «innskotet» kom fram gjennom faktura frå Sambandet Vest til Radøy kommune, pålydande kr 91.035, som då er Radøy kommune sin del.

Etter rådmannen si vurdering er dette ein kostnad Radøy kommune må ta, som ein konsekvens av eigarskapen i selskapet Sambandet Vest og dei vedtak styre og generalforsamling har gjort.

Rådmannen rår til at kostnaden vert dekkja av næringsfondet. Næringsfondet er pr i dag bokført med kr 2.658.400,99, og det er såleis rimeleg rom for slik inndecking.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir driftstilskot for 2018 til selskapet Sambandet Vest AS kr 92.035,- Tilskotet skal også dekkja kostnadene ved avvikling av selskapet. Finansiering vert gjort ved bruk av disposisjonsfond 2.56080.101 Nærings- og infrastrukturfond.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
065/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/2228	18/13580

Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1

Saksopplysingar:

Radøy kommune overtok Solhall gbnr 45/188 frå Helse Bergen i februar 2018. Sjølve tomte er stor og sentralt plassert, og det har stor verdi for Radøy kommune å sikra seg denne eignedomen.

Av budsjettdokumentet for 2018 går det fram at det skal leggjast til rette for barnehagedrift i større deler av bygget. Kommunestyret løyvde for 2018 kr 21.000.000 til kjøp og oppgradering av bygget. Kjøpesummen for eignedomen var kr 12.813.025,-, og resterande løyving, kr 8.186.975 var såleis tiltenkt oppgradering. Av budsjettdokumentet for 2018 går det også fram at ombyggingsbehovet ikkje var avklåra då budsjettet vart vedteke. Vidare varsla rådmannen eiga sak dersom det skulle visa seg at ramma ikkje var tilstrekkeleg.

I planlegginga var det frå starten lagt til grunn at første trinn av ombygginga omfatta midtfløyen bygget. Undervegs i prosessen har det også kome fram at uteområdet må oppgraderast vesentleg for å stetta barnehagen sine behov. Tilsvarende må parkeringsareala flyttast og utvidast. Dette var det heller ikkje teke omsyn til i dei første estimata. Trinn 1 av ombygginga omfattar såleis:

- Ombygging av midtfløyen
- Større uteareal for barnehagen
- Nye parkeringsareal

Det er gjort avtale med arkitekt, og det er gjennomført tilstandsanalyse, brannprosjektering, kontroll av brannkonsept, miljøteknisk grunnundersøking og miljøsaneringsrapport. Totalentreprise har vore på anbod, og den samla kostnaden til første trinn ombygginga, inkludert administrasjon og uføresette kostnader er kr 31.824.484. Dette er langt høgare enn estimatet gitt i budsjettet for 2018, men ut frå dei faktiske tilhøve meiner rådmannen at dette likevel er ei nødvendig og realistisk ramme for ombygginga av Solhall byggetrinn 1. I arbeidet som blir gjort i trinn 1, er det også med t.d. tekniske rom og anlegg, som vil gjelda heile ombygginga. Det er likevel framleis ei uavklåra sak iht ventilasjon, som kan gje ytterlegare kostnader, utan at dette kan talfestast no. Vidare er det opsjonar i tilbodet som ikkje er løyste ut, men som blir vurdert undervegs. Dette kan også føra til at kostnadene vert høgare enn føreset, men rådmannen gjer samstundes merksam på at det er avsett

2,8 mill til utføresette kostnader i prosjektet.

På grunnlag av dette meiner rådmannen at kostnadsramma for Solhall byggetrinn 1 blir sett til kr 32 mill. Arbeidet vil bli utført i 2018 og 2019.

I budsjettet for 2018 er det løyvd 15 mill til kjøp og oppgradering. I høve til framdriftsplan vil dette truleg vera for lite til å dekkja kjøp og arbeid som vert utført i 2018. Rådmannen kjem attende til budsjettregulering når endeleg framdrifts – og betalingsplan er avtala. Løyving for 2019 vert gitt i budsjettvedtaket for 2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramme for ombygging av Solhall, byggetrinn 1, slik det går fram av saksutgreiinga, vert sett til kr 32.000.000.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
066/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/1690	18/14028

Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel om regionale interesser

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Olje- og energidepartementet (OED) har gitt NVE i oppdrag å leia arbeidet med å laga eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Den nasjonale ramma skal bestå av to deler; eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft og kart med utpeiking av dei mest eigna områda for vindkraft.

Lokale og regionale styresmakter vert no bedne om å koma med ytterlegare fagleg informasjon av overordna karakter som kan vera relevant i høve til vidare arbeid med analyseområda. Det vert peika på at NVE i denne fasen søker informasjon, og at OED seinare vil gjennomføra høyring av framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land.

Invitasjonsbrevet frå NVE viser til at det kan vera rom for stor grad av medverknad og påverknad. På NVE si heimeside kan det likevel sjå ut som om prosjektet har kome eit godt stykke på veg og at ein del val er gjort og premissar er lagt.

Arbeid med innhenting og oppdatering av kunnskapsgrunnlag er omfattande og tek opp m.a. fagområde som pattedyr, villrein, fugl, naturtypar, samanhengande naturområde, landskap, friluftsliv, kulturminne, reiseliv, naboeverknadar, sivil luftfart og næringsutvikling.

Basert på ei kartlegging ulike kriterier har ein landa på 43 analyseområde i landet, fire av dei ligg i Hordaland (områda 15-18).

Utpeiking av analyseområde rører ved mange tilhøve som kan knytast både til internasjonale, nasjonale, regionale og lokale strategiar, mål og ønskje. Utstrekninga av området er stort og r verknad for ulike samfunnstilhøve.

Vindkraft er ein ressurs som kan produsera «grøn energi» som er viktig for samfunnsutviklinga og for å nå klima- og miljømål. Samstundes er det velkjend at lokalisering av vindkraftanlegg skapar mykje

debatt og ofte til steile frontar.

Klima-og energiplan for Hordaland (2014-30) vart vedteken i 2014. Her vert arbeid med potensiell vindkraft trekt sterkare inn i klimaplanarbeidet. Visjonen er eit Hordaland «på veg mot lågutsleppsamfunnet» og hovudmål er at klimagassutslepp skal reduserast og energibruken effektiviserast. Energibehovet «skal i størst mogleg grad dekkast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.»

Landskapsvernområdet Stølsheimen er eit døme på utfordringsbiletet. Sidan arealet i seg sjølv er beskytta av vedtak etter naturmangfaldlova kjem det ikkje anlegg inne i området. Utfordringa vert høge master potensielt like utanfor eller rundt heile området. Spørsmålet om korleis me opplever natur vert utfordra.

Dersom me tek utgangspunkt i friluftsliv veit ein at det er store område innanfor analyseområde 18 som vert nytta til rekreasjon, oppleving og friluftsliv. Dette gjeld både som nærmiljø, i regional målestokk og til dømes Stølsheimen, som er i nasjonal interesse. Aktiviteten skjer både til land, på sjø og vatn, og i lufta. Me veit og at nokre av dei mest framheva verdiane med å vera ute her i landet, er mellom anna opplevinga av urørt natur, vidt utsyn og stillheit. Desse verdiane vert utfordra når det gjeld anlegg for vindkraft.

Lindås kommunestyre har handsama saka og gjort følgjande vedtak:

KO - 065/18 VEDTAK:

Lindås kommune syner til invitasjon om innspel til nasjonal ramme for vindkraft.

Med grunn i det forventta endringane i klima og den påverknaden dette vil ha vår framtidige samfunnsutvikling vil Lindås kommune trekkje fram følgjande:

- I eit berekraftig perspektiv bør framtidig energiproduksjon endrast til å verte meir miljøvenleg og berekraftig. Vindkraft på land kan vere ein del av meir miljøvenleg energiproduksjon*
- I ressurskrevjande perspektiv veit me at alle typar anlegg for energiproduksjon i ei eller anna form er ressurskrevjande. Det bandlegg m.a. store areal, fører med seg inngrep i omgjevnadane våre og kan ha konsekvensar i høve til mangfald. Anlegg og infrastruktur for vindkraft krev store arealinngrep og vert markant i landskapsbiletet*
- Tidspunkt for det «Grøne skifte» fører med seg diskusjonen om balansegangen mellom «det gamle og eit nytt» energiregime som har gått føre i fleire år. Det er eit tema som har modnast og tida for å gjere endå meir aktive skritt er moglegvis komen*
- Det er stort sannsyn for at mange i det vidare og i endå større grad vert utfordra knytt til spørsmålet om vern og bruk av naturmangfoldet kring oss*
- Som for mange av dei andre kartlagte analyseområda er det store interesser knytt til særleg rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18, men og bustad og næring*
- Lindås kommune sin gjennomgang av faglege og samfunnsmessige tema syner at me har både ansvar, interesser og muligheter på ulike vis*
- Me er interessert i å få ta del i arbeidet med premissane/vilkåra for det vidare arbeidet og korleis desse vert vekta.*
- I eit berekraftig perspektiv må framtidig energiproduksjon endrast til å verte meir miljøvenleg og berekraftig. Lindås kommune meiner at alternativet til industriområde for vindkraft i fjella våre er havområda i vest. Miljøulempene her er mindre. Vindkraft i havet vårt kan vere ein del av meir miljøvenleg energiproduksjon, og må vera med i det vidare arbeidet til nasjonal ramme for vindkraft. Også i høve til elektrifisering av olje- og gasssektoren vår er det fornuftig med vindmølleanlegg til havs på Vestlandet.*

Vindmølleanlegg på land vil i fjellområda i og omkring Stølsheimen ha svært uheldige konsekvensar i

høve til naturmangfald, friluftsliv og det opne fjellandskapet her. Anlegg og infrastruktur for vindkraft her krev store arealinngrep, og inngrepa vil verta markante og skjemmande landskapsbilete i fjellheimen vår i Nordhordland. Me veit og at nokre av dei mest fremheva verdiane med å vere i Noreg er opplevinga av urørt natur, vidt utsyn og stillhet. Alle desse tre verdiane vert utfordra når det gjeld anlegg for vindkraft.

Det er store interesser knytt til særleg biologisk mangfald, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Fjellområda Eggjane, Blåfjellet og område nord og aust for Dyrkolbotn, dvs. store fjellområde på begge sider av Romarheimsdalen/Dyrkolbotn, er i bruk heile året. Det er leirskuledrift i området, fjellstove, DNT-hytter, turstier, skianlegg, turløyper, hytteområde og populære utfartsområde både til ski og til fots. Det er og gode fiskevatn her som og vert mykje bruk.

Område 18 inneheldt areal som er det siste området i ein korridor mellom sjøen og Stølsheimen. All bygging av vindmøller i området eller i nærleiken vil endra området for all framtid. Sjølv med konsesjonar i 25 år med tilbakeføringsklausular vil urørte område vera uopprettelig endra for framtidige generasjoner. Lindås kommune meiner at vindkraftindustri ikkje høyrer heime i denne unike fjellheimen her som må sjåast på som eit samanhengande høg fjellplatå vest i Stølsheimen. Desse fjellområda må tilhøyra ålmenta som friluftsliv- og rekreasjonsområde framover. Våre verdifulle friluftsliv- og rekreasjonsområde i dette storslåtte høg fjellplatået må ikkje øydeleggjast av vindmølleanlegg og fleire kraftleidningar og anleggsvegar. Desse områda må brukast til rekreasjon, reiseliv, landbruk og sjåast i samanheng med landskapsvern og vern gjennom bruk.

Miljødirektoratet har i dag ikkje full oversikt over dei mest verdifulle friluftslivsområda i ein nasjonal samanheng. Det er ikkje gjennomført ein fullstendig kommunal eller regional friluftslivskartlegging i området. Området inneheld kulturminnemiljø (stølar og liknande) og turområde utan tilrettelegging, og er ein av få samanhengande naturområde med urørt preg i regionen.

Vi ber NVE om å vektleggje desse nemnde regionale interessene. Vår faglege vurdering er at analyseområde 18 grunna regionalt viktige verdiar, ikkje høver i kategorien «mest egnet» i «Nasjonal ramme for vindkraft» på land».

-Lindås kommune meiner at analyseområde 18 må trekkast ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

Vurdering:

Det er store interesser knytt til særleg biologisk mangfald, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Rådmannen meiner difor at dette området ikkje må takast med som eit område for vindkraft-utbygging.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det er store interesser knytt til biologisk mangfald, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Radøy kommune meiner at analyseområde 18 må trekkast ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

Vedlegg:

Nasjonal ramme for vindkraft - innspel nasjonale interesser - utsett frist

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1031	18/13984

Tertialmelding januar - august 2018

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram tertialmelding for perioden januar – august 2018, i form av to dokument, eit rekneskapoversyn med kommentarar og eit oversyn over investeringar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Tertialmelding for perioden januar – august 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre-

Vedlegg:

Tertialrapport_2018_T2

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2304	18/14108

Tilvisingsavtale for kommunale utleigebustader

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Utbyggerar har i fleire kommunar vist interesse for å inngå tilvisingsavtalar for utleigebustader. Tilvisingsavtale er ein ny avtaleform som kjem i tillegg til anna kommunal innsats for å skaffa utleigebustader.

Modellen med tilvisingsavtalar bidreg til auka tilgang av ordinære bustader i utleigemarknaden og vil kunne gje kommunen fleire kommunalt disponerte bustader.

Tilvisingsavtale er ein avtale mellom utbyggjar og kommunen om rett til å visa bustadsøkjjarar til dei bustadane som er omfatta av avtalen. Ein privat utbyggjar vil kunne få gunstig finansiering i Husbanken dersom dei inngår tilvisingsavtale med kommunen. Kommunen har ikkje økonomiske forpliktingar knytt til avtalen og vil ikkje belasta kommunen sitt drift- og investeringsbudsjett.

Husbanken stiller strenge krav til kvalitet i prosjektet. For å få løyvd lån må utbyggjar leggja ved dokumentasjon på at selskapet skal driva med profesjonell utleige og med formål om å eiga, forvalta og leiga ut bustader.

Modellen bidreg til auka tilførsel av utleigebustader, då utleigar pliktar å driva profesjonell utleigeverksemd for alle bustadane omfatta av avtalen, uavhengig om kommunen nyttar seg av bustadane eller ikkje. Utleigar pliktar å følgja husleigelova og akseptera NAV-garanti for alle utleigebustadene, også dei kommunen ikkje nyttar. Kommunen på si side får fleire kommunalt disponerte bustader.

Kommunen er ikkje part i leigeavtalen mellom leigetakar og utleigar. Dersom kommunen ikkje nyttar seg av sin rett til å tilvisa bustaden står utleigar fritt til å leiga ut bustaden til andre.

Vurdering

Framskaffing av utleigebustader med tilvisingsavtale gjev kommunen høve til å skaffa fleire kommunalt disponerte utleigebustader. Denne modellen eignar seg best til bustadsøkjjarar med mindre utfordringar, slik som barnefamiliar og økonomisk vanskelegstilte. Dette bidreg positivt til at

det vert frigjeven andre kommunale bustader til dei aller mest vanskelegstilte.

Tilvisingsavtale gjev fleksibilitet for begge partar. Avtalen vil bidra til at utleigebustadane med tilvisingsavtale vert spreidd i ordinære og gode bumiljø. Kommunen pliktar ikkje å nytta seg av sine tilvisingsrettar, noko som er ein fordel dersom det ikkje er eigna bustadsøkjarar til aktuelle ledige bustader.

Tilvisingsavtale vil ikkje belasta kommunen sitt investeringsbudsjett og krev ikkje kostnadsdekking av husleige/straum ved tomme bustader.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunen opnar opp for bruk av tilvisingsavtalar som del av strategien for framskaffing av kommunale utleigebustader.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner bruk av tilvisingsavtalar for å skaffe fleire kommunalt disponible utleigebustader.

Rådmannen får fullmakt til å inngå tilvisingsavtalar.

Vedlegg:

Tilvisingsavtale for kommunale utleigebustader - prinsippsak Fjell kommune

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
069/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1032	18/14093

Uteområde Sæbø skule - utvida omfang

Saksopplysingar:

I investeringsbudsjettet for 2018 er det løyvd kr 1.000.000 til uteområdet ved Sæbø skule. Løyvinga var basert på grove kostnadsoverslag, til oppgdradering av uteområdet basert på ein heilskapleg plan. Grunntilhøva har gjort det naudsynt å drenera området. Det er henta inn pris på drenering og asfaltering på kr 1.046.000 inkl mva.

Ein heilskapleg plan tilseier at det skal etablertast leikeapparat, som også må sjåast i samanheng med asfalteringa. Det er henta inn pris på gummidekke og ulike leikeapparat, samla kr 741.107,50 inkl mva.

Samla kostnad for drenering, asfaltering og leikeapparat er ca 1,78 mill. Det er sterkt ønskjeleg å få arbeidet gjort i samanheng.

Etter rådmannen si vurdering vil den framlagde løysinga gje eit godt, heilskapleg uteområde for skulen, og ber såleis om ei tilleggsloyyving på kr 800.000 for å kunna realisera området. Finansiering vert gjort ved bruk av unytta lånemidlar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd ytterlegare kr 800.000 til uteområde Sæbø skule, prosjekt K2140. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
070/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.10.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/2281	18/13965

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Søknad om stønad til deltaking i NM i blomsterdekoring
- b. Nordhordland Revisjon IKS - møteutskrift 10. september 2018
- c. Møtebok fellesnemnda for Alver kommune – 3. september 2018
- d. Orientering ordførar/rådmann

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Søknad om stønad til deltaking i Noregsmeisters (L)(188246)

Nordhordland Revisjon IKS _ møteutskrift styret 10.09.2018 signert

Møtebok fellesnemnda 03.09.2018